

# ÅRSMELDING FEIOS SOKNERÅD 2021

## **Feios sokneråd har vore sett saman slik:**

Leiar- Monica Feidje Midlag

Nestleiar- Maria Tveit Lunde/Roger Ulvestad

Kasserar- Astrid Tveit

Diakonutvalget- Åse Skjerdal Grindedal

Skrivar- Gjertrud Samland

Representant til fellesrådet- Leif Eikeland

Prest- Rasmus Bolstad Rustad

1.vara- Roger Ulvestad



## **Soknerådsarbeid**

Feios sokneråd har hatt 4 fysiske møter i 2021 og elles kommunisert via epost. Det er helde møte med riksantikvaren og informasjonsmøte i Vik om kyrkjeleg omorganisering. Soknerådet har handsama 19 saker.

## **Hovudmålsetjinga til soknerådet har vore:**

Å få fleire med på gudstenester- det har ikkje vore lett i desse covid-tider.

Bruka kyrkja vår til meir enn berre gudsteneste.

Driva ungdomsklubben.

Halda kyrkja og kyrkjegarden i god stand.

## **Faste saker:**

- Kyrkjevertar
- Tildeling av offergåver
- Ungdomsklubben
- Fasteaksjonen
- Dugnad på kyrkjegarden

## **Kvardagsskulen**

Grunna korona har det vore lite aktivitet, men det vart gjennomført 5 samlingar i haust. 20 born er innskrivne. Tusen takk til Kirsti Hjelle Hopperstad som er leiar, Turid Harbakk som er medleiar og Julie Kristin Næss som kørde rundt med Barnas-bladet når ein ikkje kunne ha fysiske samlingar.

## **Ungdomsklubben**

Når det har vore mogleg å avhalde ungdomsklubb, har det vore den siste onsdagen i månaden. Britt Inger Rinde Eikeland har også i 2021 stått som ansvarleg for å drifta. Ho syter for annonsering, noko godt å bite i og ei hyggeleg sosial stund rundt matbordet. Trond Kråvik i lag med elevar frå Sygna syter for triveleg og god aktivitet. Soknerådsmedlemer steppar inn ved behov for hjelp. Klubben er populær og det er viktig for Feios sokneråd å oppretthalda og tilrettelegge for denne aktiviteten for ungdommane våre.

## Fasteaksjonen

Fasteaksjonen var digital, og Feios samla inn kr 3.550.

## Dugnad


Dugnaden vart arrangert 10. mai. Denne vart utført med gjeldande smitteverntiltak og utan servering også i år. Me prioriterte det mest nødvendige. Leif Eikeland og Terje Harbakk tok jobben med å ferdigstille det på begynna prosjektet bak borehuset. Dei meisla og pigga vekk gamal betong og fekk fjerna lause heller. Etterpå vart vegen opp til kyrkja vedlikehalden og grusa opp.

## Konfirmasjon

Etter ei utsetjing, vart konfirmasjonen halden 12. september. Det var 4 ungdomar som valde å konfirmerte seg i Feios kyrkje.

## Andre saker me har jobba med i 2021

- Ny alterduk
- Lydanlegg
- Julekonsert 17.desember. Måtte avlysast.
- Høyringsuttale for ny kyrkjeleg omorganisering
- Informasjonstavle om Rinde kyrkjstad
- Besøk av Riksantikvaren for å få hjelp til å planlegge korleis me kan kutte benker for å lage plass for rullestol, barnevogn osv., samt tilpassing av dørstokkar.
- Rapportert inn nedfall av skiferheller.



## Nøkkeltal for 2021

Grunna svært strenge tiltak i samband med koronapandemien, har det vore redusert aktivitet i kyrkja.

### Utdrag frå STATISTIKK FEIOS 2021

	2019	2020	2021
Døypte i soknet	2	2	3
Totalt delt. på alle sørn- og helgedagsgudst.:	676	125	250
Totalt tal på dei andre gudst.	104	122	72
Tal på sørn-og helged.gudst.:	11	6	7
Tal på andre gudst:	1	2	2
Gudstenester med nattverd	5	2	1
Totalt tal på nattverdsgjestar:	27	12	2
Konsert ( i regi av andre )	1	1	0
Tal konfirmerte	5	3	4
Gravferder	2	3	4
Innmelde i DnK	0	ikkje opplyst	ikkje opplyst
Utmelde i Dnk	1	ikkje opplyst	ikkje opplyst
Kyrklelege vigslar:	0	0	0
Totalt beløp Offer/kollekt	11409	8336	11283
Av dette offer eige verksemd	4814,5	4627	3332
Fasteaksjonen:	3798	4327	3550

Feios 28. februar 2022

Monica Feidje Midlang  
-Leiar-